

# Innst. S. nr. 239.

(1998-99)

## Innstilling fra næringskomiteen om samtykke til godkjenning av EØS-komiteen sitt vedtak nr. 69/1999 av 28. mai 1999 om endring av Protokoll 31 til EØS-avtala om EFTA/EØS-landa si deltaking i EU-programmet PROMISE.

St.prp. nr. 83 (1998-99).

Til Stortinget.

### Samandrag

EU har funne det føremålstenleg å setje i verk eit program over fleire år (1998-2002) som tek sikte på å betre forståinga av informasjonssamfunnet og dei samfunnsmessige og økonomiske følgjene av dette. Programmet vert kalla "Promoting Information Society in Europe", forkorta til PROMISE.

EØS-komiteen vedtok den 28. mai 1999 å endre Protokoll 31 til EØS-avtala, slik at samarbeidet mellom avtalepartane vert utvida til å omfatte PROMISE.

Norsk deltaking i PROMISE vil gjere det naudsynt å løyve midlar i framtidige år. Då EØS-komiteen 28. mai 1999 tok avgjerda om å innlemme programmet i EØS-avtala, informerte Noreg difor dei andre avtalepartane om at forfatningsrettslege krav må vere stetta i Noreg før avgjerda kan verte bindande.

Den norske delen av kostnadene til PROMISE-programmet vil for 1999 utgjere om lag 1,1 mill. kroner. I tillegg kjem utgifter til nasjonal oppfølging og til den nasjonale eksperten med om lag 1,1 mill. kroner i alt. Nærings- og handelsdepartementet har ansvaret for den norske deltakinga i programmet, og midlane vert dekte over budsjettet til dette departementet. Deltakinga i PROMISE får ikkje nemnande administrative konsekvensar.

Etter Nærings- og handelsdepartementet sitt syn vil norsk deltaking i PROMISE-programmet i EU auke medvetet om informasjonssamfunnet blant innbyggjarar, verksemder og institusjonar i Noreg. Gjennom programmet vil små og mellomstore verksemder og institusjoner kunne få auka si forståing for dei utfordringar som er knytt til informasjonsteknologien og informasjonssamfunnet. Utenriksdepartementet er samd i dette.

### Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Mimmi Bæivi, Bjarne Håkon Hanssen, Kjell Opseth, Torstein Rudihaugen, Oddbjørg Ausdal Starrfelt og Rita Tveiten, fra Fremskrittspartiet, Øystein Hedstrøm og Terje Knudsen, fra Kristelig Folkeparti, Modulf Aukan og Anita Apelthun Sæle, fra Høyre, Ansgar Gabrielsen og Ivar Kristiansen, fra Senterpartiet, lederen Morten Lund, og fra Venstre, Leif Helge Kongshaug, viser til at informasjonssamfunnet stiller norsk næringsliv overfor nye utfordringer. Det er derfor viktig at Norge deltar aktivt i internasjonale fora og internasjonale programmer som arbeider med utfordringer på dette området. Komiteen vil på denne bakgrunn støtte EØS-komiteens beslutning om å endre Protokoll 31 til EØS-avtalen, slik at samarbeidet mellom avtalepartene utvides til også å omfatte PROMISE.

### Uttalelse fra utenrikskomiteen

Komiteen viser til at utkast til innstilling har vært oversendt utenrikskomiteen for uttalelse. I brev fra utenrikskomiteen datert 11. juni 1999 heter det:

"Under henvisning til næringskomiteens brev av 11. juni 1999 meddeles herved at utenrikskomiteen ikke har merknader til nevnte utkast til innstilling."

### Komiteens tilråding

Komiteen viser til proposisjonen og det som er sagt foran og råder Stortinget til å gjøre slikt

## v e d t a k :

Stortinget samtykker til godkjenning av EØS-komiteen sitt vedtak nr. 69/1999 av 28. mai 1999 om endring av Protokoll 31 til EØS-avtala om EFTA/EØS-landa si deltaking i EU-programmet PROMISE, i samsvar med eit framlagt forslag i St.prp. nr. 83 (1998-99).

Oslo, i næringskomiteen, den 14. juni 1999.

**Morten Lund,**  
leder og ordfører.

**Kjell Opseth,**  
sekretær.